

Årsmelding frå Stord mållag 2018

På årsmøtet i februar vart dette styret valt: Hege Myklebust (leiar), Kirsti Aksnes (nestleiar), Siv Rørlien Pettersen (skrivar), Jostein Arne Tvedte (kasserar), og Dag Eirik Eikeland (styremedlem). Varamedlemer vart Wenche Marie Eriksen og Kjellbjørg Lunde.

Styret har hatt to fysiske styremøte, og har hatt oppe saker på e-post mellom møta.

I april feira Samlaget 150 år, og Stord mållag deltok ved å arrangera nynorsk høgtlesingsdøger på Sykkel og kaffi. I 24 timar samanhengjande vart det lese høgt frå nynorske bøker. Både styret i mållaget og andre som hadde lyst fekk lov å delta i lesinga, og det var ope for publikum heile døgeret.

I 2018 var det 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje, og Stord mållag arrangerte Vinjekveld på biblioteket i oktober, saman med Stord folkebibliotek. Dit kom Magne Skjævesland med soloførestillinga si om Ferdaminne av Vinje, og las, song, fortalde og dansa. Arrangementet var godt vitja.

Under Falturiltu, første veka i november, arrangerte me vaksenbokkveld i kantina i SKL-bygget. Forfattarane var Ruth Lillegraven og Marit Eikemo i samtale med Hege Myklebust. Lillegraven og Eikemo hadde begge gjeve ut bøker om dysfunksjonelle par, der liva deira tek uventa vendingar.

Styret vedtok halda fram konkurransen om beste heimeside på nynorsk. Me gjekk ut med oppmoding om å nominera kandidatar, og vinnarane vert kåra på årets årsmøte.

Ved utgangen av 2018 hadde Stord mållag 262 betalande medlemer, mot 282 i 2017. Me vervar stort sett nye medlemer kvar gong me skipar til noko, men tala viser at me også har noko fråfall, så vervearbeidet kan nok gjerast betre i tida framover.

Utkast til arbeidsplan for 2018

1. Halda fram i arbeidet med å auka medlemstalet, med mål om å nå 300 i løpet av 2018
2. Næringslivet og bruken av nynorsk
Konkurransen om beste nettside på nynorsk
3. Skipa til nynorsk høgtlesingsdøger 13. april – 150-årsjubileum for Samlaget
4. Forfattarkveld under Falturiltu
5. Sosialt samvær for medlemmene. Tur, vår eller haust
6. Delta i evt. prosjekt sett i verk av Noregs mållag
7. Ymse